

## Månadsbrev juni 2021

Det er visst allereie tid for nytt månadsbrev... Mai "forsvann" i fridagar og mange kjekke aktivitetar, og fleire av desse har de allereie lese om på heimesida.



Vår er tid for **sykkel**, og alle klassar har både teori og praksis rundt emnet, og de foreldre har fått i oppgåve å sjekka at sykkelen er i god stand for sesongen og før sykkelløpet til 1.-4. klasse 10. juni. **Bading** er òg stas i varmen, og 1.-4. klasse har m.a. funne ut kor viktig det er med rett storleik på flytevesten.

**Sjakkturneringa** er ikkje heilt avslutta, for nokon har vore fråverande under sine kampar, og i det siste har alle kost seg ute i sommarveret med både dødball, fotball og boksen av. Så langt har det vore mange flotte kampar, intens konsentrasjon, mykje god dialog for å finna løysingar og, ikkje minst, mykje lærdom!



Juni er den store månaden for **sommaravslutningar**, og på grønt nivå kan me gjera mest som vanleg, dvs. mange av dei blir på ute og på skuleområdet:

- |           |  |
|-----------|--|
| 8. juni:  | 5. klasse på skulen og 6. klasse i hagen hos Anne Grethe |
| 15. juni: | 10. klasse i Sirdal kulturhus                            |
| 16. juni: | 7. klasse  |
| 17. juni: | 1.-4. klasse og tilsette                                 |

Før avslutningsfestane tar heilt over, skal 5-åringane få besøk av **fadrane** sine 2. juni, og ungdomsskuleelevane skal velja **praktisk valfag** innan 8. juni, medan 7. klasse òg må bestemma seg for **språkfag**. Mellomtrinnet skal presentera **folkehelseprosjektet** sitt 4. juni, og det vert **morgonsamling** 7. juni. 8. juni vert det **fotografering** for 1. og 7. klasse, og **elevrådet** har sitt siste møte dette skuleåret. Mellomtrinnet skal på tur til Roskrepp og **SVR verneområde** (Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane) 10. juni, medan 5. og 6. klasse skal på **sykkeltur og besøk i Øysteinshedlaren** 11. juni. **HUGS onsdagsskule** 16. juni for 1.-4. klasse! **Siste skuledag** vert på Tjørhom med aktivitetssti, grilling og fotballkamp, og foreldre kan vera med på grillinga kl. 12.00 eller heia på lærarane kl. 13.00.

I skrivande stund manglar me 1,3 lærarar, og har òg ute annonse om fagarbeidar i SFO. Det tyder at me takkar Pamela, som har blitt pensjonist, og Anders, som heller vil vera heiltidsbonde, hjarteleg for innsatsen på Sinnes skule i fleire år!



Ha ein strålende god sommar, alle saman!  
Sinnes 01.06.21, Åse-Berit